


Sunnhordlandskalendareren
2009



Torild I. Børretzen – "Rein uskuld"



Magne Kjellevik – "Vinterbåt/Sunnhordland"

Sunnhordlandskalendareren

Me veit om kvarandre

Eg veit om eit dyr

me kjenner ikkje kvarandre

men

me veit om kvarandre

han brølte ut i skogen

stille

eg svarte han

stille , lenge

han svarte meg

me veit om kvarandre

Magne Heien

JANUAR 2009

VEKE	M	T	O	T	F	L	S
1				1	2	3	4 [●]
2	5	6	7	8	9	10	11 [○]
3	12	13	14	15	16	17	18 [●]
4	19	20	21	22	23	24	25
5	26 [●]	27	28	29	30	31	



Bjørn Wefring – "Fjordlandskap"

Sunnhordlandskalendaren

Ein stad

*Du
er i byen
ein stad*

*eg
er i skogen
ein stad*

*du
går i blant
folk
masse folk*

*eg
spring mellom
tre
mange tre*

kjærleiken

*er
ein stad
mellom alle
desse
der ute*

ein stad

Magne Heien

FEBRUAR 2009

VEKE	M	T	O	T	F	L	S
5							1
6	2	3 [°]	4	5	6	7	8
7	9 [°]	10	11	12	13	14	15
8	16 [°]	17	18	19	20	21	22
9	23	24	25 [•]	26	27	28	



Björg Strømme – "Fiskebåtar ved FMV"

Sunnhordlandskalendareren

MARS 2009

Ei Davidssalme ein tidleg morgon

*Letta og lattermild
såg eg kranbilen Goliath
liggje velta på kaia.
Der var ingenting
å løfte på, og føraren var forsvunnen.
Merkeleg oppløfta
steig eg ned i robåten min.*

Einar Økland

VEKE	M	T	O	T	F	L	S
9							1
10	2	3	4 [◐]	5	6	7	8
11	9	10	11 [◐]	12	13	14	15
12	16	17	18 [◐]	19	20	21	22
13	23	24	25	26 [◐]	27	28	29
14	30	31					



Harald Warberg – "Løkjelsøy"

Sunnhordlandskalendareren

Du kjære grøne gras

*Gras
du kjære grøne gras*

*du som alltid
har gjeve oss
luft og mat*

*no
står du
att
gløymd, ikkje bruk for*

*menneske
har anna viktig
å tenkja på
det er børsen
som veks*

du kjære grøne gras

*bøyer deg tagal
under busk og kratt
og ventar
på din husbond*

Magne Heien

APRIL 2009

VEKE	M	T	O	T	F	L	S
14			1	2 [°]	3	4	5
15	6	7	8	9 [°]	10	11	12
16	13	14	15	16	17 [°]	18	19
17	20	21	22	23	24	25 [•]	26
18	27	28	29	30			



Gudveig Baldersheim – "Sandvikjo"

Sunnhordlandskalendarer

MAI 2009


Eit reir

*Tre gapande ungar i eit reir.
Tre mette ungar på ein kviist.
Tre kvitrande fuglar i sol og vind.*

*To slitne foreldre!
To heldige foreldre!*

Helga Storedale Tjønn

VEKE	M	T	O	T	F	L	S
18					1 [●]	2	3
19	4	5	6	7	8	9 [○]	10
20	11	12	13	14	15	16	17 [●]
21	18	19	20	21	22	23	24 [●]
22	25	26	27	28	29	30	31 [●]



Torild I. Børretzen – "Stille kveld i Etnefjella"

Sunnhordlandskalendareren

JUNI 2009

Svalestuper

*Slik svalen stuper inn
i sommeren*

vil jeg seile på luftens papir

*over grønne enger, jordlivet
være ankret fast til
enkle dager*

*bord, stoler, tre rom og kjøkken
løfte ord fram fra bølgene
være i søvnet og jordbunden*

Truls Horvei

VEKE	M	T	O	T	F	L	S
23	1	2	3	4	5	6	7 ^o
24	8	9	10	11	12	13	14
25	15	16 ^o	17	18	19	20	21
26	22 ^o	23	24	25	26	27	28
27	29 ^o	30					



Evelyn Jørgensen – "Rosehagen"

Sunnhordlandskalendarer

JULI 2009

Det trivielle

*Sitte i solen, gynte
ikke drive med noe
Likevel ønske at tiden
gjør overraskende hopp*

*Gynte nedover årene,
gå i kortbukser
sparke ballen inn
naboinduet. Alt gikk*

*fort da, fem trappetrinn
i et byks, nå er du trøtt av
trivialitetene, disse kjedelige
døgnene som det er
vanskelig å banke rusten av*

Truls Horvei

VEKE	M	T	O	T	F	L	S
27			1	2	3	4	5
28	6	7 ^o	8	9	10	11	12
29	13	14	15 ^o	16	17	18	19
30	20	21	22 ^o	23	24	25	26
31	27	28 ^o	29	30	31		



Inger-Jo Opedal – "Seinsommar"

Sunnhordlandskalendareren

AUGUST 2009

Torsdag

*Lyset en torsdag
livet går ikke
på tomgang, linerlen vipper bortover*

*åkeren, solen bygger et nytt ur
der viserne kan bo
Du pendler mellom gleder og halve*

*sorger. I skumringen faller kveldsolen
som en øks, hogger til
en ny natt*

Truls Horvei

VEKE	M	T	O	T	F	L	S
31						1	2
32	3	4	5	6 ^o	7	8	9
33	10	11	12	13 ^o	14	15	16
34	17	18	19	20 ^o	21	22	23
35	24	25	26	27 ^o	28	29	30
36	31						



Olav Høgestøl – "Naust i Humlevika"

Sunnhordlandskalendareren

SEPTEMBER 2009

Eplehagen

*Har du gått gjennom eplehagen,
har du levt i ei juninatt?
Har du trødd på den tagale jorda
kjent angen av sol som heng att.*

*Eller greip dine hender kring rattet
i ein stendig villare fart
medan gummien saug i asfalt
og jorda vart strek og eit kart?*

*Men bak rusen fram over kartet
låg det kanskje ei bivring og skolv.
Kva tid finn eg heimatt til hagen,
vil eg nå han før klokka slår tolv?*

Helga Stordale Tjønn

VEKE	M	T	O	T	F	L	S
36		1	2	3	4 [○]	5	6
37	7	8	9	10	11	12 [○]	13
38	14	15	16	17	18 [●]	19	20
39	21	22	23	24	25	26 [○]	27
40	28	29	30				



Svein Berge – "Losahytten"

Sunnhordlandskalendarer

Vårlengt i haustmørke

Ute er hausten komen
 alt lauvet dansar i vind.
 Det er varsel om ei ny tid
 om ei kvile
 og mørketid.
 For på ny å koma tilbake til
 sin vakre vårskrud i lyset.
 Alle trea som igjen står brud.
 Tenk å få høyra fuglane som
 igjen syng sine vakre melodiar.
 Det er som dei ventar
 ventar som eg
 på våren.
 Det er som om ein atter er blitt
 fødd på ny.

Lillianne Marita Bidne

OKTOBER 2009

VEKE	M	T	O	T	F	L	S
40				1	2	3	4 [○]
41	5	6	7	8	9	10	11 [●]
42	12	13	14	15	16	17	18 [●]
43	19	20	21	22	23	24	25
44	26 [●]	27	28	29	30	31	



Marit T. Odland – "Stord Kyrkje"

Sunnhordlandskalendarer

NOVEMBER 2009


Tid

*Tiden flyr aldri
den bare letter litt,*

*en fugl
med skakke vinger*

Truls Horvei

VEKE	M	T	O	T	F	L	S
44							1
45	2 [○]	3	4	5	6	7	8
46	9 [●]	10	11	12	13	14	15
47	16 [●]	17	18	19	20	21	22
48	23	24 [○]	25	26	27	28	29
49	30						



Magne Kjellesvik – "Vinterstein"

Sunnhordlandskalendarer

Fjelldomen

Eg er beden
til høgmesse

hovudskipet
ligg heilt stille
tindrane klårt
speglar heile
himmeltaket

tverrskipa
går rakt opp
staute, blankskurne

alteret
er pynta med
grøne lauk
og rosa lyng

no slår
klokkene
oppunder nut
og kvasse tind

det er
høgmesse
i
fjelldomen

Magne Heien

DESEMBER 2009

VEKE	M	T	O	T	F	L	S
49		1	2 ^o	3	4	5	6
50	7	8	9 ^o	10	11	12	13
51	14	15	16 ^o	17	18	19	20
52	21	22	23	24 ^o	25	26	27
53	28	29	30	31 ^o			

Kunstnarane

Bjørg Strømme

Fitjar, fødd 1942

Bjørg Strømme er utdanna fag-lærer i forming og har arbeidd i om lag 36 år i skulen. I 2001 starta ho å mala, og valget fall då på akvarellmalinga sine utfordringar. Før det arbeidde ho med tekstilar. Ho meistrar både det naturalistiske og det abstrakte biletspråket over mot det dekorative biletet. Det kjem ofte fram i motiv-vala hennar at ho er interessert i gamle kulturskattar, både lokalt og internasjonalt. Bjørg likar fargar og ho får fram heilt spesielle lys-verknader i bileta sine. Ho har hatt åtte separate utstillingar og delteke på fire fellesutstillingar. Utstilling på Island august 2007, Beiarnstipendet for 2007 Beiarn kommune, Nordland fylke. Gjesteutstillar i Sæbøtunet, Etne-marknaden i 2005. Frå Hordaland fylke har ho mottatt 2 reise- og studiestipend (2000 og 2002). Bjørg har og vore på studiereiser til London, Paris, Roma, Island og MNK-festivalen på Inderøya, Nord-Trøndelag.

Bjørn Wefring
Austevoll, fødd 1948

Bjørn Wefring er fødd og oppvaksen i Bergen, men har arbeidd i Austevoll i nærare 10 år. Kunstutdanninga har han frå Bergen og skular i Sverige og USA. Han har delteke på fleire kollektive utstillingar rundt i landet og halde nokre separate utstillingar. Bjørn arbeider med teikning og maleri, det siste fortrinnsvis i olje. I 2005 deltok han på „Tegnerforbundets Vår-utstilling“. Han er kjøpt inn av Kystmusèet Sogn og Fjordane, av norske kommunar, bedrifter og private samlerar. I 2007 deltok Bjørn på ei kollektiv utstilling i Bekkjjarvik og på LandArt utstillinga ”Markakunst 2007” på Osterøy. I 2008 har han halde soloutstilling i Galleri Peparen, Skånevik, og vore med på ”400meterkunst” på Voss.

Evelyn Jørgensen
Stavanger, fødd 1969

Evelyn Jørgensen er utdanna psykiatrisk sjukepleiar, men arbeider no med malarkunsten på heiltid. Evelyn har atelier heime og er sjølvlærd i både akvarell, olje og akrylmaling. Ho uttrykker seg og med kolstift. Bileta hennar er både figurative og abstrakte. Det hender kunstnaren har utstilling i Stavanger der ho er busett med familien, men sel oftast bilete frå utstillinga i atelieret. Evelyn hadde separatutstilling på biblioteket i heimbygda Husnes i 2007 og i Galleri Rosendal i mai 2008. Biletet ”Rosehagen” var ein del av siste utstilling. Haus-ten 2008 hadde ho utstilling i eige galleri.

Gudveig Baldersheim
Halsnøy Kloster, fødd 1954

Gudveig Baldersheim er opprinneleg frå Sunnfjord, men bur på Halsnøy der ho arbeider som hjelpepleiar. Gudveig har delteke på ei rekkje kurs både privat og i regi av Friundervisninga. Ho driv både med akvarell- og porselensmaling.

Svein Berge
Ølve, fødd 1941

Svein Berge har arbeidd med olje- og akvarellmaling i mange år, men har etterkvart konsentrert seg berre om akvarellar. Han har hatt ei rekkje separat-utstillingar på Vestlandet. Sidan 1969 har han vore tilsett som lærar i grunnskulen i Kvinnherad.

Inger-Jo Opedal
Bømlo, fødd 1955

Inger-Jo Opedal er fødd i Seljord i Telemark. Der fekk ho lære kunstmaling på Erlend Grøstad sin malarskule i Flatdal. Mot slutten av -70 talet flytta ho til Aukra i Møre og Romsdal. Då vart det i tillegg til hus og born, tid til kunstmaling, kostymedesign for eit historisk spel, slekts-gransking og lokalhistorie. Ho har vore medlem i kommunen si sogenemnd i 12 år. Dei siste åra som leiar av nemda. Inger-Jo har samla og skrive lokalhistorie som er å finne i tre bøker og eitt hefte. Det siste har ho og illustrert. Kunsten hennar er såleis inspirert av dei store franske expressionistane samt gamal norsk kultur. Ho har tidlegare hatt utstillingar i Seljord, Notodden og på Aukra. Det siste halv-året har ho hatt fire utstillingar på Bømlo. Inger-Jo driv no med biletkunst på heiltid. Teknikkane ho nyttar er kolstift, pastell, akryl, tusjpenng og oljemaling.

Magne Kjellesvik
Stord, fødd 1949

Magne Kjellesvik er fødd og oppvaksen på Tysnes, men har sidan 1976 budd og arbeidd på Stord. Han har utdanning frå Bergens Kunsthåndverkskole og Statens Lærerskole i forming, Notodden. Sidan 1985 har han arbeidd på heiltid som biletkunstnar. Teknikkane han nyttar er grafikk og akvarell/ gouache. Magne har hatt ca. 40 separatutstillingar sidan 1977 og har delteke på ei rekkje juryerte utstillingar (Haustutstillinga, Vestlandsutstillinga, Sunnhordlandsutstillinga m.fl.). Bileta hans er innkjøpt av m.a. Norsk Kulturråd, Bergen Billedgalleri, Haugesund Billedgalleri. Medlem: Norske Billedkunstnere, Norske Grafikere.

Marit Tislevoll Odland
Stord, fødd 1960

Marit Tislevoll Odland er busett på Leirvik. Ho jobbar som interiørarkitekt hjå Link Signatur AS på Stord. Ho har alltid teikna og mala, mest blyant- og kull teikningar, men ein del olje maling og. Kunstutdanninga tok ho ved Rogaland Kunstscole i Stavanger (1980-82). I tillegg til at ho har hatt ein del separatutstillingar i distriktet, har ho og delteke på ulike lokale utstillingar. Stord kommune og Fitjar kommune har kjøpt bilete som heng rundt i offentlege bygg.

Olav Høgestøl
Tysnes, fødd 1950

Olav Høgestøl bur på Lundegrend. Han har mala sidan ungdomsåra, mest med olje, landskapsmaleri. Olav har delteke på lokale utstillingar og hatt ein god læremeister i sin onkel, Jens Tvedt. Av yrke har han vore bonde i over 20 år, men arbeider no i oljeindustrien.

Harald Warberg
Sunde, fødd 1944

Harald Warberg arbeider helst med olje- og akrylmaling, men første utstillinga hans var akvarellmaleri. Harald er sjølvlært og har vore med på fleire utstillingar i Stavangerområdet. I tillegg har han hatt to separatutstillingar i Oslo, samt utstilling i Fjelberg Prestegard sommaren 2004 og på Halsnøy i 2007. Harald har seinare hatt egne malarkurs for både nybyrjerar og vidarekomne.

Torild I. Børretzen
Etne, fødd 1951

Torild I. Børretzen bur i Bergen, men er opprinneleg frå Etne. Ho er utdanna ved Vestlandets Kunstakademi, maleri og grafikk, og Bergens Kunsthandverkskole, keramikk. Torild har delteke på Vestlandsutstillinga og Hordautstillinga. Ho har hatt ei rekkje separatutstillingar og er innkjøpt av Etne kommune, Stord kommune og Norsk Kulturråd. I hovudsak arbeider ho både med akvarell, pastell, olje og akryl. Torild er glad i å mala blomar og landskap, men jobbar og med ting som har symbolverdi, t.d. konkylier, skjell, fjør og liknande.

Hufthammer
Austevoll
Bekkjjarvik
Våge
Tysnes

Sandvikvåg
Fitjar
Stord
Rubbestadneset
Bømlo
Sagvåg
Siggjarvåg
Mosterhamn
Langevåg
Sveio
Utbjoa
Førde
Ølen
Sveio

Einar Økland
Valevåg, fødd 1940

Einar Økland er busett på Økland, Valevåg, og har vore forfattar på heiltid sidan 1966. I 1963 debuterte han med diktsamlinga ”Ein gul dag”. Einar har seinare gjeve ut nærare 50 bøker for både born og vaksne.

Helga Storedale Tjønn
Stord, fødd 1934

Helga Storedale Tjønn er fødd og oppvaksen i Ølve, men har dei siste 30 åra vore busett på Stord. Ho er utdanna adjunkt. I år 2000 ga ho ut ei bok, ”På Sinai fjell i Blåplommedalen og andre forteljingar”, og i 2003 ei bok med dikt og noveller kalla ” Tulipanane”.

Lillianne Marita Bidne
Husnes, fødd 1960

Lillianne Marita Bidne bur på Husnes. Ho er hobbymalar med helgekurs i akvarell og eit kurs i akrylmaling. Ho skriv og små dikt.

Truls Horvei
Stord, fødd 1957

Truls Horvei er fødd og oppvaksen i Bergen. Han arbeider som kulturjournalist i Haugesunds Avis. Truls debuterte i 1988 med diktboka «Havfruehester». I alt har han gitt ut fem diktbøker, to ungdomsromanar samt tre cd-utgjevingar med lokale musikarar. Den siste, ”Haikutronics”, kom hausten 2005.



Motiva til kalenderen 2009

Forside

”Rein uskuld”

Torild I. Børretzen

Etne

Januar

”Vinterbåt/Sunnhordland”

Magne Kjellesvik

Stord

Februar

”Fjordlandskap”

Bjørn Wefring

Austevoll

Mars

”Fiskebåtar ved FMV”

Bjørg Strømme

Fitjar

April

”Løkjelsøy”

Harald Warberg

Kvh

Mai

”Sandvikjo”

Gudveig Baldersheim

Kvh

Juni

”Stille kveld i Etnefjella”

Torild I. Børretzen

Etne

Juli

”Rosehagen”

Evelyn Jørgensen

Kvh

August

”Seinsommar”

Inger-Jo Opedal

Bømlo

September

”Naust i Humlevika”

Olav Høgestøl

Tysnes

Oktober

”Losahytten”

Svein Berge

Kvh

November

”Stord Kyrkje”

Marit T. Odland

Stord

Desember

”Vinterstein”

Magne Kjellesvik

Stord

Sunnhordlandskalendaren 2009

Idé, opphavsrettar og tilrettelegging:

Datahjelp AS, 5457 Høylandsbygd, tlf. 53 48 30 30 fax 53 48 30 50

Kontaktperson:

Camilla K. Emmerhoff, tlf 53 48 90 48

Bente Kviteberg tlf 53 47 71 09

Sats, montasje og trykk:

Erik Tanche Nilssen AS, 3700 Skien, tlf. 35 90 40 00.